



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2017.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang 53



ROTARY:
MAKING A
DIFFERENCE

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Sverre Jarl Ulstein
Visepres: Vegard Gjerde
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Eileen Hareide Brandal
Styremedlem: Bjørn Teigene
Styremedlem: Knut Strømsjordet
Ansv.red.: Vigdis Riise
Referent: Øystein Alme

November

Jeg driver i solundergangen
med stormende hjerte langs havet,
hvor fjernt det sig velter derute
i skumfok og blod begravet.
Det er i den øde november,
da maakene vipper og svinger
med hæse ksrík over graven
og duver paa trætte vinger.

Som var det et ondskapsfuldt øie,
der skadefro, flammerødt skuer
vidt over den synkende verden,
staar solen i vest og truer.
Saa dukker den varslende under,
og makten tar mørket derute.
Jeg hører maakene hvine
og alle hundene tute.

Mig synes, jeg er en ensom,
den vildeste fugl av dem alle
og er ikke ræd for *min* time,
da dødsmerkets fred skal falde.
En elsket vel livet for meget
og sløste i letsind med gaven --
Der kommer tid, da vi alle
svinger i sorg over graven.

Forlatt er den synkende verden,
og livssykt og klagende piper
i lynget de mødige vinde
og furer saa dype striper.
Og dog er det fast, som jeg kjender
i denne sørgmodige aften
det risle mig gjennom marginen
av boble av ungdomskraften:

Nils Collett Vogt

Referat frå Rotarymøte 6. november 2017.

Sverre Jarl ønske alle vel møtt.

Kjell Høydal, Assisterande Distriktsguvernør fekk ordet og kunne starte foredraget med fylgjande tema:

The David School

Bygningane.

Barneskulen med tilleggsbygg er ferdig renovert og ungdomsskulen er ferdigstillt, likeeins hybelbygget for lærerar.

Bygging av sanitæranlegg hadde oppstart i november2017.

Fadderprosjekt.

Fadderprosjekta i Norge og England (om lag 105 fadderborn i Norge) har vore svært vellykka, dette er den sikraste og mest stabile driftsstøtta til The David School.

Stipendprosjektet

Stipendprosjektet har til no ført til at 5 lærerar er ferdigutdanna og 5 er i ferd med å fullføre utdanninga si.

I tillegg tek 2 universitetsutdanning.

Rotary og The David School:

Rotaryklubbane i midt England (mellom anna Ramsey Rotary Club v./ David Wallwork)) tok the David School "til sitt hjerte" og har vore sponsorgrunnlaget for skulen.

Ramsey Rotary Club har vore Volda sin vennskapsklubb i om lag 40år. Volda har såleis støtta skulen med fleire prosjekt sidan oppstarten.

Fleire norske klubbar, bl.a. Hareid Rotaryklubb har støtta dette prosjektet.

The David School Trust.

Vart oppretta i april 2009 og vart frå då av den ansvarlege eigar og drivar av skulen.

Prosjekt med støtte frå norske Rotaryklubbar er ein viktig del av The David School Trust sitt arbeid.

Det har og vorte oppretta ei norsk støttegruppe der John Stennes, Per Helge Jøsok og Kjell Høydal hjelper leiaren av The David school David Wallwork, med førefallande arbeid.

Føredraget vart avslutta med ei diskusjonsrunde der det var høve til å stille spørsmål.

Sverre Jarl takka for foredraget og yngste alle vel heim.

Referat frå Rotarymøte 13. november 2017.

Møtet denne kvelden starta med songen «Til lags åt alle kan ingen gjera».

Sverre Jarl ønske vel møtt til medlemmer og mulige nye (og tidlegare) medlemmer som

var på besøk:

Inger Lise Hjørungdal, Jan Hareide og Oskar Grimstad.

Karin Svendsen Holstad fekk så ordet der ho informerte om framdrifta på Mama Clara prosjektet i Peru.

Det er innleia eit samarbeid med ein lokal rotaryklubb der nede, som vil ta del i dette arbeidet.

Lokale klubbar rundt oss, som tek del i dette prosjektet, er og informert om framdrifta.

Erna Berg R. vil besøkje alle desse klubbane for å informere dei meir etter ny reise til Peru.

Idar Flø, NCMC (Norwegian Centre of Maritime Communication) fekk så ordet og kunne starte foredraget med tema:

SEA ERN OceanIntel.

SEA ERN OceanIntel er et prosjekt som vil dra vekslar på fartøyene i MARDATA med et tillegg på 15 – 20 andre ringnotfartøy og med deltakelse av NCMC, NTNU, SINTEF, GCE Blue Maritime og Høgskulen i Volda.

Pelagisk fiske er i fokus, men linefiske og andre kjem etter.

Fiskaren sit på veldig mykje informasjon som må bearbeidast før han startar fisket, ein vil her hjelpe til med eit beslutningsverktøy.

Ein vil samle all tilgjengeleg info og frigjere den i ein portal, med overføring ved hjelp av satellitt, wi-fi og likn.

Innsamla data (verifisert av mannskap på båtane) vert frigjort i portalen.

Aksjeselskap (der kvar enkelt båt har aksjar) vil verte oppretta.

Føredraget vart avslutta med ei diskusjonsrunde der det var høve til å stille spørsmål.

Sverre Jarl takka for føredraget og ønskte alle vel heim.

Referat frå Rotarymøte 20. november 2017.

Sverre Jarl ønskte alle vel møtt til Røyrafesten i klubblokala våre.

I år stod den tradisjonelle røyrafesten i fare for å verte avlyst grunna vanskelege forhold for fiske, men bedre ver og godt fiske helga før, redda festen med god og «fersk» fisk.

Det blei ein trivelig fest med god mat servert av Jørn Gjerde og Otto Holstad. Vigdis Riise og Sverre Jarl Ulstein pynta og dekkja borda.

Odd Goksøyr stod for underhaldninga med forteljingar og songar frå Shetland.

Sverre Jarl takka matkomiteen for eit velsmakande måltid og avslutta festen.



Jørn og Otto.



Musikalsk innslag til festdeltakerane ved Odd Gøksøyr.

Referat frå Rotarymøte 27. november 2017.

Møtet denne kvelden starta med songen "Blant alle lande".

Sverre Jarl ønskte vel møtt til det siste møtet denne månaden, som tradisjonen tru er programfritt og sett av til ein god prat med kaffi og kaker.

Sverre Jarl las opp dei som har fødseldag i november med tilhøyrande applaus.

Før praten vart «slept laus» fekk Bernhard Harkjerr ordet der han tok ein gjennomgang på korleis ein kjem seg inn på internettsida til Hareid Rotary, manøvrerer seg fram og kva innhold der er.

Sverre Jarl takka Bernhard for informasjonen.

Møtet vart avslutta av presidenten, der han yngste oss vel heim.